

Protokoll styremøte Valdresmusea AS**2020:2**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Fredag 21. februar kl. 14.30–15.00

Til stades: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Gunhild Vegstein Leite og Kristin Gulbrandsen.

Fråfall: Brita Brenna, Jørand Ødegård Lunde og Odd Arne Klemmetsrud.

Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 5/2020 Revidert årsrekneskap og styreårsmelding

Revidert årsrekneskap og styreårsmelding ligg vedlagt.

Vedtak: Styret vedtek den framlagte årsrekneskapen og styreårsmeldinga. Dei som ikkje møtte i styremøte signerer protokollen frå møte, årsrekneskapen og styreårsmeldinga i ettertid.

Sak 6/2020 Orientering om tak

Administrasjonen melder om lekkasje i taket på det gamle administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum. Lekkasjen vart fyrst oppdaga måndag 17. februar. Undersøking og gjennomgang med takstmann Ole Jonny Kalstad vart gjennomført fredag 21. februar. Styret vart orientert om situasjonen i møte same dag.

Ein rapport med situasjonsbeskrivelse, forslag til tiltak og kalkyle vil bli presentert for styret i neste veke. Her får vi presentert forslag til minimumstiltak og eit større anbefalt tiltak. Styret har nytt møte måndag 9. mars kl. 14.30 der ein vurderer rapporten og legg ein strategi overfor eigarane. Styret har mål om å sikre finansiering av nødvendig tiltak i løpet av april. Arbeidet med dei nye utstillingane er inntil vidare satt på vent.